



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
10.02.2017  
Dykkar dato  
12.12.2016

Vår referanse  
2016/12433 542.1  
Dykkar referanse

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep  
0032 OSLO

### Løyve til utslepp for Marstein Seaweed AS for oppdrett av tare på lokaliteten Horgesund i Austevoll kommune

---

**Marstein Seaweed AS får løyve til utslepp til luft og vatn for akvakulturproduksjon av inntil 750 tonn våtvekt av butare, stortare, fingertare, havsalat og sukkertare på lokaliteten Horgesund i Austevoll kommune.**

**Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.**

---

Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Fylkesmannen har regulert dei tilhøva som blir vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

Vi viser til søknad frå Marstein Seaweed AS av 22. september 2016 som vart oversendt frå Nærings- og fiskeridepartementet 27. september 2016 og til vedtak frå Austevoll kommune 12. desember 2016.

Verksemnda søker om løyve til akvakultur av fleire artar av tare: butare (*Alaria esculenta*), stortare (*Laminaria hyperborea*), fingertare (*Laminaria digitata*), havsalat (*Ulva lactuca*) og sukkertare (*Laminaria saccharina*). Det vert søkt om ein produksjon på inntil 750 tonn på eit 100 dekar stort areal (10 hektar) på lokaliteten Horgesund.

Løyvet er ikkje gyldig før Nærings- og fiskeridepartementet har gitt løyve etter akvakulturlova.

Løyvet gjeld òg for utslepp frå ordinær reingjering av produksjonsutstyr.

Fylkesmannen vil påpeike at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Verksemnda pliktar å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemnda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnt i løyvet. Vi viser til [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no) for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemnda.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

## Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Søknaden gjeld akvakultur av tare av artane butare, stortare, fingertare, havsalat og sukkertare. Dette er det første utsleppsløyvet som er gitt for akvakultur av tare i Hordaland. Denne næringa er på forsøksstadiet, noko som søknaden og ber preg av. Driftsrutinar og utstyr er under utvikling. Søkjar skriv at mål for verksemda skal vere å dyrke tare for framstilling av råstoff til bioenergi, biomedisin, mat, fôr, gjødsel og andre produkt. Søkjar meiner og at «*dyrking av tare kan ha en rekke positive miljømessige konsekvenser*» utan å konkretisere kva dei kan vere.

### *Tilhøvet til plan*


Plasseringa av det omsøkte anlegget ligg innanfor areal som er sett av til akvakultur i arealdelen av kommuneplanen for Austevoll.

### *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Akvakultur av tare vil mest truleg ikkje ha påverknad på villfisk av laks og aure. Vi har hittil inga erfaring med større anlegg for dyrking av tare og om det kan vere konfliktfylt i høve til vilt og fugl som beiter på dei dyrka organismane. Anlegget må drivast slik at det ikkje får negative konsekvensar for lokal fauna i området.

Anlegget dekker eit stort areal og har potensiale til å vere til hinder for lokalt friluftsliv. Søknaden er ikkje detaljert nok til å kunne vurdere om det vil vere mogleg for småbåtar (fritidsbåtar) å passere mellom anlegget og land. Av omsyn til at området er mykje nytta til friluftsliv, bør slik passasje vere mogleg.

Viltinteresser er omtalt under punkt 2.6 i utsleppsløyvet.



### *Sjøområdet som resipient*

Lokaliteten er plassert i vassførekomst Horgefjorden (02260030700-C). Vassførekomsten har god økologisk tilstand. Hovudbassenget i Horgefjorden har opning ut mot ope hav. Dei største utsleppa til vassførekomsten kjem frå havbruk.

Akvakultur av tare tar opp næringssalt frå sjøen, og blir presentert som å kunne balansere utsleppa frå matfiskanlegg. Utslepp av løyst nitrogen frå middels stort matfiskanlegg (plastringanlegg) er om lag 3,4 tonn/hektar/år. Opptaket av nitrogen i tare utgjer grovt rekna 500 kg/hektar. Det trengs då eit 7 gonger så stort areal med tareoppdrett for å ta opp utsleppet av løyst nitrogen. For å ta opp brutto utslepp av nitrogen (løyst og partikulært) trengs det eit areal med tare dyrking som er nærmare 25 gonger så stort som eit matfiskanlegg.

Utslepp frå eit tare dyrkingsanlegg vil i første rekke vere tare og andre organismar som losnar frå dyrkingsanlegget og legg seg på sjøbotnen. Vi har ingen data på kor mykje dette kan vere, eller om det vil samle seg opp over tid eller kunne ha påverknad (positiv eller negativ) på naturleg fauna i området.

Vi finn det rimeleg å tru at dei største utsleppa vil skje i samband med hausting og røktning. Det går ikkje fram av søknaden korleis anlegga skal drivast og kva miljøpåverknad anlegga då kan ha.

### *Støy*

Marstein Seaweed AS skal følgje vanlege retningslinjer for støy, jf. punkt 3.9 i utsleppsløyvet.

### *Utslepp av kjemikal*

Utsleppsløyvet opnar ikkje for bruk av kjemikal, pesticid eller medikament i produksjonen. Det er heller ikkje søkt om løyve til bruk av kjemikal eller medikament. Elles viser vi til forureiningslova § 7.

Store monokulturar fører ofte til risiko for sjukdomar, samling av beitedyr og parasittar. Vi har funne informasjon om at tare kan vere utsett for soppinfeksjonar, og antibiotika kan vere middel mot slike infeksjonar. Dette utsleppsløyvet gjeld ikkje for bruk av kjemikal i opne produksjonssystem. Dette gjeld òg parasittmiddel og medikament.

### *Naturmangfald*

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med tareanlegget på lokaliteten Horgesund.

Kunnskapsgrunnlaget for denne avgjerda er mangelfull. Vi har ingen erfaring med større tare dyrkingsanlegg. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Når kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt må utsleppsløyvet bygge på førevar-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 8 og 9.

Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å etablere eit tare dyrkingsanlegg med dei vilkåra som er sett i utsleppsløyvet. Den samla belastninga på resipienten vil ikkje bli påverka av utslepp frå anlegget. Vi har mangelfull kunnskap om lokal påverknad på miljøet under anlegget som følgje av endra straum- og lystilhøve.

Dert er viktig at det vert nytta lokale variantar eller stadeigne stammer av taren.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Marstein Seaweed AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag (BAT).

### **Konklusjon**

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er til stades til å kunne gje dette utsleppsløyvet for dyrking av inntil 750 tonn tare av eit 10 hektar stort areal på lokaliteten Horgesund i Austevoll kommune.

Verksemnda pliktar å undersøke miljøtilstanden på lokaliteten. Vi har sett krav om ROV-kartlegging av lokaliteten før oppstart av anlegget og etter to års drift i anlegget. ROV-kartlegginga etter at anlegget har vore i drift vil vere grunnlag for å kunne vurdere val av type overvaking.

### **Gebyr for sakshandsaming**

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemnda under gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemnda skal betale 19.700 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemnda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemnda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

### **Erstatningsansvar**

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemnda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

### **Klage**

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova. Send klagen til Nærings- og fiskeridepartementet innan tre veker etter at anlegget har fått løyve etter akvakulturlova.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærare opplysningar om sakshandsaminga.

Helsing

Sissel Storebø  
senioringeniør

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:                    Utsleppsløyvet

Kopi til:

Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	Storebø
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Marstein Seaweed AS		5392	STOREBØ



## Utsleppsløyve etter forureiningslova for tareoppdrett Marstein Seaweed AS

Løyvet er gjeve i medhald av § 11, jf. § 16 i forureiningslova. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 22. september 2016 samt opplysningar som har kome fram under handsaminga av søknaden. Løyvet er gjeve på dei vilkår som er sett i dette dokumentet med vedlegg.

Dette løyvet er berre gyldig etter vedtak i Nærings- og fiskeridepartementet etter akvakulturlova. Nærings- og fiskeridepartementet kan gjere vedtak om lågare produksjonsramme og den ramma vil vere gjeldande.

Løyvet kan endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor liggje føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.

Dersom løyvet ikkje er teke i bruk innan to år, må verksemda melde frå til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 20.

### Verksemdsdata

Verksemd	Marstein Seaweed AS
Lokalitet	Horgesund
Postadresse	Storebø
Postnummer og poststad	5392 Storebø
Kommune og fylke	Austevoll i Hordaland fylke
Org.nummer (verksemd)	817 580 122
Koordinatar (Euref89/WGS84)	60° 5,4828 N, 5° 7,3146 E

### Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse
<b>1244.0104.01</b>	<b>2017.1141.T</b>	<b>4</b>

Løyve gitt: 10. februar 2017	Endringsnummer:	Sist endra:
Sissel Storebø senioringeniør	Tom N. Pedersen seniorrådgjevar	

*Brevet er godkjent elektronisk og derfor inga underskrift.*

## 1 Produksjon – ramme for løyvet

Løyvet gjeld ureining frå akvakultur av tare av følgjande artar: butare (*Alaria esculenta*), stortare (*Laminaria hyperborea*), fingertare (*Laminaria digitata*), havsalat (*Ulva lactuca*) og sukkertare (*Laminaria saccharina*). Alle artar som skal dyrkast skal vere stadeigne, dvs at dei skal vere henta frå regionen.

Løyvet har følgjande avgrensingar, i samsvar med omsøkt arealbruk og produksjon:

Lokalitet	Kommune	Ytre koordinatar og midtpunkt			Maksimal årleg produksjon og arealbruk
Horgesund	Austevoll	NV	60° 5,5341	5° 7,1008	750 tonn pr år og 10 hektar
		SV	60° 5,3840	5° 7,1562	
		NA	60° 5,5621	5° 7,4617	
		SA	60° 5,4117	5° 7,5143	
		Midt	60° 5,4828	5° 7,3146	

## 2. Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Utsleppskomponentar som ikkje er uttrykkjeleg regulert i løyvet, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om utsleppa var gjort kjent i samband med sakshandsaminga, eller må reknast som kjent på annan måte då løyvet vart gjeve. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i Miljødirektoratet si prioritetsliste<sup>1</sup>. Slike utslepp er berre tillate dersom dette går tydeleg fram av vilkåra i løyvet, eller dei er så små at dei må sjåast på som uvesentlege for miljøet.

### 2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

Verksemnda skal etterleve forureiningslova sitt føre-var-prinsipp for å redusere miljøpåverknaden av drifta og forbruket av ressursar.

Verksemnda pliktar som ein del av sin internkontroll å halde seg oppdatert på dokumentasjonen som finst for bransjen når det gjeld beste tilgjengelege teknologi (BAT<sup>2</sup>). For å unngå, eller avgrense ureining og avfallsproblem, skal de nytte den beste tilgjengelege teknologien som ut frå ei samla vurdering – også av økonomiske tilhøve, gir dei beste resultatata for noverande og framtidig tilstand i miljøet. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett spesifikke grenser for.

### 2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemnda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka forureiningsfaren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

<sup>1</sup> Forskrift om begrensning av forurensning, Vedlegg 1: Liste over prioriterte stoff, jf. § 29-6, første ledd.

<sup>2</sup> Omgrepet BAT ("best available techniques") er i utgangspunktet knytt til verksemder som er omfatta av EU sitt IPPC-direktiv (direktiv 2008/1/EC om "integrated pollution prevention and control"), som akvakultur per i dag ikkje er omfatta av. Forureiningslova § 2, 1. ledd pkt. 3 viser til liknande generell retningsline på forureiningsområdet.

Verksemda skal straks informere Fylkesmannen og nabolag

- når det vert planlagt eller uføresett oppstår tilhøve som mellombels kan føre til at utslepp av støy, støv eller lukt er høgare enn normalt.
- i situasjonar der utstyr eller andre kritiske installasjonar for vern mot/ reduksjon av utslepp sviktar eller på anna måte er ute av drift.

Ved gjentekne hendingar skal verksemda etablere eit dokumentert system for registrering av klager/meldingar. Verksemda skal gje ei vurdering av årsak til hendinga, kva som har skjedd og tiltak som er sett i verk eller som er planlagt for å motverke og avgrense verknadar og hindre gjentakning.

Merk at verksemda også har varslingsplikt etter gjeldande forskrift om akutt forureining<sup>3</sup>.

## **2.5 Nærmiljø**

Verksemda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av drifta vert redusert til eit minimum.

Alt av innsatsstoff, avfall, m.m. som kan utgjere ein forureiningsfare ved anlegget, eller på annan måte vere ein fare eller ulempe for miljøet, skal lagrast forsvarleg og vere sikra mot tilgjenge frå uvedkomande.

## **2.6 Tiltak for å sikre mot viltskade**

Naturmangfaldlova og viltlova set krav om at vi skal ta vare på viltet og leveområda deira for å sikre produktiviteten og rikdommen av artar i naturen.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som vernar om både anlegg og vilt.

## **3. Utslepp**

### **3.1 Utslepp av fôr**

Det er ikkje tillate å fôre taren eller på anna måte gjødsle lokaliteten.

### **3.2 Utslepp av kjemikal**

Det er ikkje tillate å nytte kjemikal på akvakulturlokaliteten.

Med kjemikal i denne samanheng er kjemiske stoff og stoffblandingar som nyttast i verksemda, som til dømes groehindrande middel, plantevernmiddel, vaskemiddel, desinfeksjonsmiddel, legemiddel, hydraulikkvæske og brannbekjempingsmiddel.

### **3.3 Reingjering**

Grovreingjering av tau og anna utstyr på lokaliteten i form av spyling med vatn er tillate. Grovreingjering skal likevel ikkje føre til utslepp som gir ulempe eller skade på miljøet.

---

<sup>3</sup> Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.1992, nr. 1269



### 3.4 Mudring

Mudring, herunder også slamsuging av botn, er ikkje tillate utan løyve frå Fylkesmannen, jf. forureiningsforskrifta kap. 22.

### 3.5 Lukt

Aktiviteten skal gå føre seg slik at det ikkje fører til luktulemper naboar.

### 3.6 Lys

Lys som blir nytta til vekstregulering skal ikkje være til ulempe for naboar, fritidsbustader eller anna i nærområdet.

### 3.7 Støy

Anlegget skal verksemda utforme og drive slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, skal i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7–16.

Utandørs støy frå verksemda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, målte eller rekna ut som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overskride desse grensene:

<b>Kvardagar</b>	<b>Laurdagar</b>	<b>Søn- og helgedagar</b>	<b>Kveld (kl. 19–23), kvardagar</b>	<b>Natt (kl. 23–07), alle døgn</b>	<b>Natt (kl. 23–07), alle døgn</b>
55 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 L <sub>evening</sub>	45 L <sub>night</sub>	60 L <sub>AFmax</sub>

L<sub>den</sub> er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L<sub>evening</sub> er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.

L<sub>night</sub> er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

L<sub>AFmax</sub> er A-vege maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda, er ikkje omfatta av grensene.

## 4. Avfall

### 4.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at verksemda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemnda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall<sup>4</sup>, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta<sup>5</sup>.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal verksemnda prøve å bruke på nytt i produksjonen sin eller i produksjonen til andre verksemder, eller – for avfall som kan brennast – søkje å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel vere i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller med heimel i forureiningslova og krav som er fastsette i dette løyvet.

Brenning av avfall er ikkje tillate.

## **4.2 Handtering av produksjonsavfall**

Verksemnda skal lage rutinar som syner at alt plastavfall blir tatt vare på og levert til godkjent mottak.

Organisk produksjonsavfall som oppstår i verksemnda skal verksemnda handtere på ein slik måte at det ikkje oppstår forureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere produksjonsavfall ved uhell som til dømes anleggshavari og sjukdom.

Det er ikkje tillate å dumpe tare og anna avfall i sjøen.

## **5. Førebyggjande og beredskapstiltak mot utslepp**

### **5.1 Internkontroll**

Verksemnda pliktar å etablere ein internkontroll i samsvar med gjeldande forskrift<sup>6</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemnda etterlever krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining eller skjemma tilhøve og kunne gjere greie for risikotilhøva ved anlegget.

Dei tilsette må ha god kunnskap om mogelege utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje.

Verksemnda er ansvarleg for krava i dette løyvet og skal syte for overvaking og vedlikehald av internkontrollen når det gjeld ytre miljø.

### **5.2 Miljørisikoanalyse**

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemnda si. Verksemnda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemnda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

---

<sup>4</sup> Farleg avfall er avfall som ikkje kan handsamast saman med anna avfall fordi det har eigenskapar som kan medføre forureining eller vere farleg for menneske eller dyr.

<sup>5</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

<sup>6</sup> Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder av 06.12.1996 nr. 1127 (internkontrollforskrifta) – eller seinare utgåve.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

### 5.3 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

### 5.4 Rutinar for vedlikehald

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med utsleppsrelaterte utstyr, slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemda drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

### 5.5 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med gjeldande forskrift <sup>7</sup>. Dette gjeld til dømes akutte utslepp av drivstoff, kjemikal og liknande. Verksemda skal også, så snart som mogleg, varsle Fylkesmannen på e-post [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) i slike tilfelle.

## 6 Journalføring

Verksemda skal registrere og journalføre driftsopplysningar på lokalitetsnivå.

Virksomheten skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

Tema	Data
Produksjon	Årleg biomasseproduksjon
Kjemikal <sup>8</sup>	Kjemikaliebruk, mengde og type
Avfall	Type, mengd og disponeringsmåter

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 3 år og vere tilgjengeleg ved tilsyn.

## 7 Miljøtilstand

### 7.1 Krav til miljøtilstand

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje blir nådd eller at miljøtilstanden vert redusert, jf. vassforskrifta<sup>9</sup> og tilhøyrande klassifiseringsrettleiar<sup>10</sup> for miljøtilstand.

<sup>7</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr 1269.

<sup>8</sup> Kjemikal inkluderer og reingjeringsmiddel og liknande.

<sup>9</sup> Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften) av 15.12.2006, nr 1446

<sup>10</sup> Direktoratgruppa Vanndirektivet 2013, Veileder 02:2013 Klassifisering av miljøtilstand i vann

Sedimentering av organisk materiale frå anlegget skal ikkje føre til negative endringar i naturmangfaldet på eller ved lokaliteten. Strandsona i nærleiken av anlegget skal ikkje vere synleg påverka av utslepp frå anlegget.

## **7.2 Miljøovervaking**

Verksemda pliktar å undersøke miljøtilstanden på lokaliteten. Verksemda skal utføre ein ROV-kartlegging av lokaliteten før oppstart av anlegget og etter to års drift i anlegget.

Verksemda kan etter særskild vedtak bli pålagt å gjennomføre meir omfattande granskingar eller overvaking, dersom Fylkesmannen finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin forureiningseffekt på resipienten, jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan også bli pålagt å betale for ein høveleg del av kostnadene ved ei felles resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i lag med andre verksemdar med utslepp i området. Dette gjeld når det er fleire anlegg i same vassførekomst.

## **8. Utskifting av utstyr**

Dersom verksemda skal skifte ut utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke forureiningar på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Fylkesmannen få melding om dette på førehand.

Når verksemda byter ut utstyr skal det liggje til grunn at ein nyttar dei beste, tilgjengelege teknikkane med sikte på å motverke forureining.

## **9. Eigarskifte**

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

## **10. Nedlegging**

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva tiltak som trengst for å motverke forureining.

Ved nedlegging skal verksemda syte for at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande stand att med tanke på miljøet.

## **11. Tilsyn**

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheitene føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.